

---

# NAV's BEDRIFTSUNDERSØKING 2024: Redusert mangel på arbeidskraft

---

© NAV mai 2024

**EIER**

Arbeids- og velferdsdirektoratet  
Postboks 354  
8601 Mo i Rana

Rapporten er tilgjengelig på  
[www.nav.no/omverdensanalyse](http://www.nav.no/omverdensanalyse)

ISBN: 978-82-551-2541-9

ISSN: 1891-005x

DOI: 10.60847/NAV.4746

---

# NAV's BEDRIFTSUNDERSØKING 2024: Redusert mangel på arbeidskraft

*Av Kristian Harald Myklathun og Othilde Skjøstad<sup>1</sup>*

---

NAV-rapport 2024: 1

---

<sup>1</sup> Takk til analyse- og statistikk-kontaktene ved alle NAVs fylkeskontor for bidraget til gjennomføring av datainnsamlinga for undersøkinga.

# Innhold

<b>1. Samandrag</b> .....	<b>5</b>
<b>2. Innleiing</b> .....	<b>6</b>
Datagrunnlag.....	6
<b>3. Hovudtendensar</b> .....	<b>7</b>
Mange verksemdar opplever rekrutteringsproblem.....	7
Redusert mangel på arbeidskraft.....	7
<b>4. Store næringsvise forskjellar</b> .....	<b>13</b>
Størst mangel på arbeidskraft i helse- og sosialtenester.....	13
Manglar 5 500 bygge- og anleggsarbeidarar.....	16
Stor variasjon i industrien.....	16
Størst optimisme innan informasjon og kommunikasjon.....	17
Større optimisme innan bergverksdrift og utvinning av råolje og naturgass .....	18
Manglar 1 900 personar i undervisning .....	18
Rekrutteringsproblem i overnattings- og serveringsverksemd .....	18
<b>5. Tabellvedlegg</b> .....	<b>19</b>
<b>6. Metodisk vedlegg</b> .....	<b>25</b>
Spørreskjema.....	27

# 1. SAMANDRAG

NAVs bedriftsundersøking kartlegg etterspurnaden etter og mangel på arbeidskraft, både fylkesvis, innanfor den enkelte næring, og for enkeltyrker. Vi estimerer mangelen på arbeidskraft til 43 600 personar. Mangelen på arbeidskraft er klart størst innan helse- og sosialtenester, der vi estimerer mangelen til 13 800 personar.

Mangelen på arbeidskraft har gått betydeleg ned frå 2023, og er nå på om lag same nivå som gjennomsnittet dei siste ti åra. Mangelen har gått spesielt mykje ned innan eigedomsdrift, forretningsmessig og fagleg tenesteyting samt bygg og anleggsverksemd, der vi anslår at mangelen har gått ned med høvesvis 45 og 28 prosent på eitt år.

Enkeltyrka med størst mangel er helseyrkene sjukepleiar, helsefagarbeidar og samlegruppaa andre helseyrker. I tillegg er det mangel på ulike fagarbeidarar, som kokkar, elektrikarar og anleggsmaskin- og industrimekanikarar.

Verksemdene si forventning om framtidig sysselsetting er også svakare enn i 2023, og nå er nettodelen verksemdar som ventar vekst i sysselsettinga det komande året på 11 prosent, og er dermed på sitt lågaste nivå sidan 2016.

## 2. INNLEIING

Norsk økonomi har det siste året vore preget av svak økonomisk vekst, og svakt aukande arbeidsløyse. Likevel er arbeidsløysa framleis på eit lågt nivå i eit historisk perspektiv. Med unntak av dei siste to åra har ikkje arbeidsløysa vore lågare sidan før finanskrisa i 2008. Samstundes har etterspurnaden etter arbeidskraft helde seg høg, og det har vore fleire ledige stillingar hittil i år enn det var i same periode i fjor.

Det god aktivitet i deler av industrien. Til dømes har petroleumsindustrien hatt betydeleg vekst i investeringane i 2023, og venteleg også i 2024. Samstundes er det særleg to områder som har trekt ned veksten i norsk økonomi. Det første området er bygg- og anleggsbransjen, der bustadinvesteringane har falt med 20,9 prosent det siste året, og talet på igongsette bustadar tidvis har vore lågare enn det lågaste nivået under finanskrisa i 2008. Aktivitetsnedgangen innan bygg og anlegg må sjåast i samanheng med renteauken, auka byggekostnadar, samt negativ realbustadprisvekst.

Det andre området som i særleg grad bidreg til svak utvikling i økonomien er privat konsum, som i fjerde kvartal 2023 var ned 3,7 prosent frå same kvartal året før. Det er særleg eit fall i varekonsumet som trekker ned. Fallet i privat konsum skuldast i særleg grad renteauken og svak reallønnsutvikling dei siste åra<sup>1</sup>.

Bedriftsundersøkinga kartlegg etterspurnadssida av arbeidsmarknaden. Undersøkinga gir eit augeblikksbilde av verksemdenes etterspurnad etter arbeidskraft, og gir innsikt i eventuelle vanskar med å skaffe den etterspurde kompetansen. Informasjonen om verksemdene sitt behov for ulike typar arbeidskraft, og kva stillingar det er vanskeleg å få kvalifiserte søkjarar til blir nytta til å estimere mangelen på arbeidskraft. Kunnskap om kva typar kompetanse arbeidsgjevarane har problem med å få tak i er viktig

for at NAV skal kunne yte god service overfor arbeidssøklarar og arbeidsgjevarar.

Undersøkinga gjev også innsikt i verksemdene sitt bemanningsbehov framover. NAVs sysselsettingsbarometer syner om verksemdene ventar å auke, redusere eller å ha like mange tilsette det komande året. Verksemdene sine forventingar til framtidig sysselsetting tek temperaturen i arbeidsmarknaden og gjev ein peikepinn på kva utvikling verksemdene ventar seg framover.

### Datagrunnlag

Bedriftsundersøkinga vert gjennomført blant eit representativt utval av alle landets offentlege og private verksemdar. Utvalet er trekt frå Verksemds- og Føretaksregisteret. 10 655 verksemdar svarte på undersøkinga, og dei utgjorde 70 prosent av verksemdene som vart trekte ut til å svare. Undersøkinga vart gjennomført i perioden 29.01.24 til 13.03.24, og svara vart samla inn fylkesvis. Resultata vert presentert både nasjonalt og regionalt, samt etter næring.

<sup>1</sup> Auka bilkonsum mot slutten av 2022 som følgje av avgiftsøndringar ved nyttår aukar også størrelse på fallet.

### 3. HOVUDTENDENSAR

#### Mange verksemdar opplever rekrutteringsproblem

Samlet sett svarer 23 prosent av verksemdene at dei har hatt problem med å få tak i arbeidskraft dei siste tre månadane (figur 1). 14 prosent oppgjev at dei ikkje fekk tilsett nokon, medan 9 prosent oppgjev at dei enda opp med å tilsette nokon med lågare eller annan formell kompetanse enn det dei søkte etter. Dette er tre prosentpoeng lågare enn i 2023.


Verksemdar med rekrutteringsproblem vert spurt om rekrutteringsproblema skuldast for få kvalifiserte søkjarar på stillinga(ne), eller om det skuldast andre grunnar. 20 prosent oppgjev at dei hadde rekrutteringsproblem grunna for få kvalifiserte søkjarar, medan 4 prosent oppgjev at det skuldast andre grunnar (figur 2). Størst problem med å få tak i kvalifisert arbeidskraft er det verksemdene i dei tre nordlegaste fylka som har, i tillegg til Møre og Romsdal.

#### Redusert mangel på arbeidskraft

På bakgrunn av verksemdene sine svar har vi estimert mangelen på arbeidskraft til 43 600 personar i 2024 (tabell 1). Dette er 9 250 færre enn i fjor, betydeleg ned frå rekordåret 2022, og er om lag på nivå med åra 2018 og 2021. Sidan dette er ei utvalsundersøking er det usikkerheit knytt til estimata på mangel av arbeidskraft. Basert på modellen kan vi seie med 95 prosent sannsyn at det manglar mellom 41 100 og 46 800 personar. Størrelsen på usikkerheita i estimata for dei ulike næringane og fylka vert presentert i figur V1 og V2 i metodevedlegget.


Målt i absolutte tal er mangelen på arbeidskraft størst i Vestland fylke, med 5 650 personar, fylgt av Oslo og Rogaland, begge med 5 050 personar (tabell 1). Målt ved stramleiksindikatoren (sjå faktaboks) er mangelen størst i Finnmark, Nordland og Møre og Romsdal. Samanlikna med i fjor er den estimerte mangelen på

**Figur 1.** Verksemdar som ikkje har lukkast i å rekruttere arbeidskraft eller har måtta tilsette nokon med lågare eller annan formell kompetanse enn dei søkte etter, etter fylke. Prosent



Kjelde: NAVs bedriftsundersøking 2024

**Figur 2. Verksemder med rekrutteringsproblem som skuldast for få/ingen kvalifiserte søkjarar eller om det er andre grunnar, etter fylke. Prosent**



Kjelde: NAVs bedriftsundersøking 2024

**Tabell 1. Estimert mangel på arbeidskraft etter fylke, 2024**

	Mangel på arbeidskraft (personar)	95 % konfidensintervall (nedre grense)	95 % konfidensintervall (øvre grense)	NAV's stramleiksindikator	Delen verksemder med alvorlege rekrutteringsproblem
Østfold	1 650	1 323	2 037	1,4	15
Akershus	3 150	2 677	3 694	1,0	15
Oslo	5 050	3 726	6 916	0,9	21
Innlandet	3 000	2 401	3 408	1,7	18
Buskerud	1 550	1 124	2 098	1,3	16
Vestfold	1 450	1 092	1 997	1,3	17
Telemark	1 350	1 098	1 634	1,8	16
Agder	2 100	1 683	2 630	1,4	20
Rogaland	5 050	3 774	6 101	1,9	18
Vestland	5 650	4 650	6 588	1,7	22
Møre og Romsdal	3 200	2 359	4 150	2,4	25
Trøndelag	4 100	3 449	4 834	1,6	22
Nordland	3 100	2 630	3 485	2,6	23
Troms	2 050	1 747	2 347	2,3	25
Finnmark	1 200	982	1 482	3,3	23
I alt	43 600	34 715	53 401	1,5	20

Kjelde: NAVs bedriftsundersøking 2024



## Mangel på arbeidskraft – Definisjon

For å kartlegge omfanget av verksemdenes rekrutteringsproblem er det nyttig å måle mangel på arbeidskraft i tal på personar. Mangel på arbeidskraft blir i NAVs bedriftsundersøking definert av ein sekvens beståande av tre spørsmål. Verksemdene blir bedne om 1) å svare på om dei har mislukkast med å rekruttere arbeidskraft dei siste tre månadane, eller om dei har mått tilsetje nokon med lågare eller annan formell kompetanse enn det dei søkte etter. Dersom svaret er ja, vert verksemdene bedne om 2) å oppgje om dette skuldast for få kvalifiserte søkjarar. Dersom dette er tilfelle, vert dei bedne om 3) å oppgje kor mange stillingar det gjeld, og innanfor kva yrke.

Svara på det siste spørsmålet utgjer mangelen på arbeidskraft innan den enkelte verksemda. Basert på dette estimerer vi mangelen på arbeidskraft innan dei enkelte yrka. Vi skil ikkje på heiltids- og deltidsstillingar i den estimerte mangelen.

Det kan vere mangel på arbeidskraft innan yrkesgrupper som vi ikkje fangar opp i undersøkinga. Det kan til dømes vere yrker der berre éi verksemd har oppgjeve mangel på éin person, og som dermed får ein estimert mangel på tilnærma null. Det kan også vere yrker vi ikkje får fanga opp blant verksemdene som har svart.

På grunn av endringar i estimeringsmodellen og spørjeskjema frå og med 2012, kan mangelen på arbeidskraft berre samanliknast med resultatata frå og med 2012.

## Stramleiksindikatoren

Stramleiksindikatoren er forholdstallet mellom mangelen på arbeidskraft og ønska sysselsetting, der ønska sysselsetting er lik den faktiske sysselsettinga pluss mangelen. Stramleiksindikatoren uttrykker dermed kor stor prosentdel av den ønska sysselsettinga den estimerte mangelen utgjer. Eit høgt forholdstal indikerer at arbeidsmarknaden er stram, noko som isolert sett indikerer eit problem med å rekruttere arbeidskraft til verksemdene. Den estimerte mangelen på arbeidskraft i tal på personar vil ha samanheng med kor stor yrkesgruppa er, medan den relative mangelen, målt ved stramleiksindikatoren, vil ta omsyn til ulik størrelse på yrkesgruppene.

Det vert presentert to stramleiksindikatorar. Éin for yrker (STYRK-08) og éin for næringsgrupper (SN2007). I stramleiksindikatorane er tal på personar verksemdene manglar basert på resultatata frå NAVs bedriftsundersøking våren 2024. Sysselsettingstala er henta frå Statistisk sentralbyrås registerbaserte sysselsettingsstatistikk frå fjerde kvartal 2023. Statistikken vert gitt ut ein gong per år, slik at dette er den siste sysselsettingsstatistikken som føreligger.

Stramleiksindikatoren er ikkje nødvendigvis direkte samanliknbar mellom næringar som primært er i offentleg sektor og dei som primært er å finne i privat sektor. Medan private føretak truleg uttalar seg om mangelen på arbeidskraft ut frå faktisk behov, vil offentlege verksemdar i større grad ta omsyn til rammene som offentlege budsjett setter når dei svarer på kor mange personar dei manglar. Denne skilnaden mellom offentleg og privat sektor gjeld også for dei enkelte yrkesgruppene.

Arbeidskraft lågare i dei fleste fylka, med unntak av Rogaland og Vestland, der vi estimerer at mangelen på arbeidskraft er noko høgare enn i fjor. Den største nedgangen i arbeidskraftsmangel er i Oslo, der den estimerte mangelen har gått ned med 1 600 personar, men det er også ein stor nedgang i Trøndelag og i Troms og Finnmark.

Når vi fordeler mangelen etter same yrkesgruppeinndeling som NAV nyttar i arbeidsløsestatistikken finner vi at det er størst mangel innan helse, pleie og omsorg, estimert til 12 050 personar, noko som utgjer ein nedgang på 950 frå i fjor (tabell 2). Det er særleg stor mangel på sjukepleiarar (3 750), helsefagarbeidarar (3 100), og andre helseyrker<sup>2</sup> (1 950) (tabell V2). Mangelen innan desse yrkene har vore høg over fleire år.

<sup>2</sup> «Andre helseyrker» må bli sett på som ein samlepost for helseyrker respondentane ikkje finner i yrkestilane dei kan velje mellom. Det same gjeld for andre yrkestillar som inneheldt «andre».

Yrkesgruppa med nest størst mangel er industriarbeid, med ein estimert mangel på 6 100 personar. Innan denne yrkesgruppa er det særleg mangel på anleggsmaskin- og industrimekanikarar (950), sveisarar (850), og platearbeidarar (550).

Den tredje største mangelen er etter bygge- og anleggsarbeidarar, der vi no estimerer mangelen til 4 850 personar. Dette er likevel ein betydeleg nedgang frå i fjor, som igjen var ein stor nedgang frå året før. Sidan i fjor estimerer me at mangelen har gått ned med 1 900 personar, og at den er meir enn halvert sidan 2022, då vi estimerte mangelen til 11 500 personar. Det er likevel framleis betydeleg mangel på fleire yrkesgrupper innan bygg og anlegg, som elektrikarar (1 000), tømrrarar og snekkarar (900), samt røyrliggjarar og VVS-montørar (550).

Talet på arbeidslause er samla sett lågt i eit historisk perspektiv, og dette gjeld på tvers av dei fleste yrkes-

**Tabell 2.** Mangel på arbeidskraft etter yrkesgruppe, samanlikna med tal på heilt arbeidslause og arbeidssøklarar på tiltak mars 2024.

	Mangel på arbeidskraft (personar)	Helt ledige og arbeidssøklarar på tiltak i mars 2024
Ledere	250	2 400
Ingeniør- og ikt-fag	3 300	3 450
Undervisning	2 350	1 300
Akademiske yrker	900	1 150
Helse, pleie og omsorg	12 050	3 450
Barne- og ungdomsarbeid	600	1 800
Meglere og konsulenter	900	1 650
Kontorarbeid	1 150	4 900
Butikk- og salgsarbeid	4 200	5 700
Jordbruk, skogbruk og fiske	700	1 100
Bygg og anlegg	4 850	9 600
Industriarbeid	6 100	5 900
Reiseliv og transport	4 050	6 100
Serviceyrker og annet arbeid	2 200	5 950
Ingen yrkesbakgrunn eller uoppgitt		6 650
I alt	43 600	61 050

Kjelde: NAV

grupper (tabell 2), sjølv om arbeidsløysa har auka klart frå å i fjor, og spesielt innan bygg og anlegg. Relativt til kor mange personar ein manglar i innan dei enkelte yrkesgruppene er det likevel enkelte yrker som skil seg ut. Dette gjeld spesielt helse, pleie og omsorg samt undervisning, der mangelen er fleire gonger så stor som talet på arbeidslause med desse yrkesbakgrunnane.

### Reduserte sysselsettingsforventingar

Nettoandelen verksemdar som ventar sysselsettingsvekst er på 11 prosent. Dette er 2 prosentpoeng lågare enn i fjor, og i dei 21 åra me har tal for, har nettoandelen berre vore lågare i tre periodar: først i forbindelse med lågkonjunkturen i 2002/2003, deretter i kjølvannet av finanskrisa i 2008-2009, og sist i forbindelse med oljeprisnedgangen i 2014-2016. Nedgangen i nettodel frå i fjor skuldast derimot ikkje ein auke i prosentdelen som ventar nedbemanning – denne er

**Tabell 3.** NAVs sitt sysselsettingsbarometer. Prosentdel verksemdar som ventar redusert, uendra eller auka sysselsetting.

	Redusert	Uendra	Auka	Nettodel
2003	13	65	21	8
2004	12	64	24	12
2005	10	65	24	14
2006	8	61	31	22
2007	7	57	36	29
2008	7	56	36	29
2009	13	64	23	10
2010	12	63	25	12
2011	11	62	27	16
2012	11	65	24	14
2013	11	65	25	14
2014	11	68	21	10
2015	11	69	20	8
2016	12	67	21	10
2017	10	66	24	14
2018	10	66	24	14
2019	11	64	25	15
2020	12	63	25	14
2021	11	63	26	15
2022	9	60	31	22
2023	11	64	25	13
2024	11	67	22	11

Kjelde: NAVs bedriftsundersøking 2024

uendra frå i fjor, med 11 prosent. Det er derimot ein nedgang i verksemdene som ventar auka sysselsetting, frå 25 i fjor til 22 prosent i år, medan det er ein tilsvarande auke i prosentdelen verksemdar som ventar uendra sysselsetting (tabell 3).

### NAVs sysselsettingsbarometer

Sysselsettingsbarometeret vert utarbeida basert på resultatane frå bedriftsundersøkinga. Talverdien i sysselsettingsbarometeret viser differansen mellom prosentdel verksemdar som oppgjev at dei ventar auka sysselsetting og prosentdel verksemdar som ventar nedgang. Dette gir ein indikasjon på verksemdene sin forventing for det komande året. Ein høg verdi på sysselsettingsbarometeret er eit teikn på høg etterspurnad etter arbeidskraft i den aktuelle næringa.

**Figur 3. Nettodel verksemder som ventar auka bemanning dei neste 12 månadane (venstre akse). Årleg sysselsettingsvekst ifølgje nasjonalregnskapet og AKU (høgre akse). Prosent.**




Kjelder: NAVs bedriftsundersøking, nasjonalrekneskap (SSB), arbeidskraftundersøkinga (SSB)

Figur 3 viser nettodelen verksemder som ventar å auke bemanninga dei neste tolv månadane (venstre akse), samt årleg sysselsettingsvekst ifølgje Arbeidskraftundersøkinga (AKU) og nasjonalrekneskapen frå 2003 til 2023 (høgre akse). Nettodelen verksemder som ventar å auke bemanninga har vist nær samvariasjon med den faktiske sysselsettingsveksten same år, sjølv om under-

søkinga vert utført i årets første kvartal. Somme år er det likevel eit avvik, som til dømes i 2020, då datainn-samlinga vart gjennomført i perioden rett før koronapandemien førte til omfattande smittevernstiltak.

Det er klart fleire verksemder som ventar auka heller enn redusert bemanning i alle fylker, men verksem-

**Figur 4. NAVs sysselsettingsbarometer. Nettodel verksemder som ventar auke i sysselsettinga, etter fylke. Prosent.**



Kjelder: NAVs bedriftsundersøking 2023 og 2024.

dene er klart meir pessimistiske enn i fjor. Den høgaste nettoandelen verksemdar som ventar auka bemanning finner vi i Troms (20 prosent). Etter Troms er dei mest optimistiske verksemdene å finne i Nordland (17 prosent) samt Akershus (16 prosent) (figur 4). Nettoandelen er lågast i Agder (5 prosent) og Østfold (6 prosent).

Samanlikna med fjoråret er det størst endringar i forventningane i Agder, Rogaland og Nordland. I Agder er nettoandelen som ventar auka sysselsetting 9 prosentpoeng lågare enn i fjorårets undersøking, og den tilsvarende nedgangen for Rogaland og Nordland er på 6 prosentpoeng.

**Tabell 4. NAVs sysselsettingsbarometer, etter næring. Prosentdel verksemdar som ventar redusert, uendra eller auka sysselsetting.**

	Redusert	Uendra	Auka	Nettodel
Jordbruk, skogbruk og fiske	12	74	14	1
Bergverksdrift og utvinning	6	66	29	23
Industrien totalt	10	63	27	17
-Nærings- og nytelsemidlar	9	70	21	12
-Tekstil- og lærvarer	9	69	22	13
-Trevarer	12	62	26	14
-Treforedling og grafisk prod.	23	56	21	-2
-Petroleum og kjemisk prod.	5	68	28	23
-Prod. av annan industri	13	69	18	6
-Prod. av metallvarer	9	61	30	21
-Prod. av maskiner og utstyr	6	59	35	30
-Prod. av elektriske og optiske produkter	7	44	50	43
Elektrisitet, vann og renovasjon	5	75	20	15
Bygge- og anleggsvirksomhet	13	63	23	10
Varehandel, motorvognreparasjonar	9	69	22	12
Transport og lagring	13	66	21	8
Overnattings- og serveringsvirksomhet	13	63	24	12
Informasjon og kommunikasjon	11	51	38	26
Finansierings- og forsikringsvirksomhet	6	68	27	21
Eiendomsdrift, forretningsmessig og faglig tenesteyting	8	62	30	22
Offentlig administrasjon og forsvar, og trygdeordningar underlagt offentlig forvaltning	15	67	18	4
Undervisning	21	66	13	-8
Helse- og sosialtjeneste	10	70	20	10
Personlig tenesteyting	12	70	18	6

Kjelde: NAVs bedriftsundersøking 2024

## 4. STORE NÆRINGSVISE FORSKJELLAR

Vi vil her sjå nærare på resultatane for ulike yrker og næringar. Inndelingane i yrker og næringar byggjer på ulike klassifiseringsprinsipp. Næring viser kva slags produksjon som hovudsakeleg vert utført i verksemda, medan yrkesnemninga viser kva slags arbeidsoppgåver som vert utført av ein arbeidstakar. Innanfor den enkelte næringa vil det vere eit breitt spekter av yrker.

### Størst mangel på arbeidskraft i helse- og sosialtenester

Helse- og sosialtenestene sysselset om lag 1 av 5 i Noreg, og er den næringa som rapporterer om størst mangel på arbeidskraft. Mangelen på arbeidskraft i denne næringa er estimert til 13 800 personar (tabell 5). Det er 800 færre enn i 2023, men likevel på eit

Tabell 5. Estimert mangel på arbeidskraft, etter næring. 2024


	Mangel på arbeidskraft (personar)	95 % konfidensintervall (nedre grense)	95 % konfidensintervall (øvre grense)	NAVs stramleiksindikator	Delen verksemdar med alvorlege rekrutteringsproblem
Jordbruk, skogbruk og fiske	650	413	819	1,0	9
Bergverksdrift og utvinning	450	252	656	0,8	13
Industrien	3 000	2 664	3 430	1,4	17
Nærings- og nytelsemidler	600	458	828	1,3	16
Tekstil- og lærvarer	50	21	40	0,7	11
Trevarer	100	78	130	0,8	13
Treforedling og grafisk prod.	0	8	23	0,3	6
Petroleum og kjemiske prod.	100	79	110	0,7	15
Prod. av annen industri	200	151	236	1,2	10
Prod. av metallvarer	750	600	944	2,5	24
Prod. av maskiner og utstyr	1 100	876	1 429	2,1	25
Prod. av elektriske og optiske produkter	100	84	130	0,6	23
Elektrisitet, vann og renovasjon	200	157	276	0,6	9
Bygge- og anleggsvirksomhet	5 500	4 019	6 495	2,2	14
Varehandel, motorvognreparasjonar	6 700	5 453	8 622	1,9	14
Transport og lagring	1 800	1 331	2 390	1,3	14
Overnattings- og serveringsvirksomhet	3 000	2 374	3 659	2,9	21
Informasjon og kommunikasjon	750	505	1 017	0,7	14
Finansierings- og forsikringsvirksomhet	150	98	200	0,3	9
Eiendomsdrift, forretningsmessig og faglig tjenesteyting	3 500	2 787	4 855	1,1	12
Offentlig forvaltning	1 000	822	1 159	0,6	18
Undervisning	1 900	1 711	2 158	0,8	25
Helse- og sosialtjeneste	13 800	12 232	15 220	2,3	36
Personlig tjenesteyting	1 300	981	1 635	1,1	13
I alt	43 600	41 091	46 844	1,5	19

Kjelde: NAVs bedriftsundersøking 2024

høgt nivå historisk sett. Mangelen er betydeleg i alle landets fylker. Samla sett manglar det flest i Rogaland (1800), Vestland (1 700) og Innlandet (1550), som vist i tabell V1. Av enkeltyrker er det særleg stor mangel på sjukepleiarar (3 750), helsefagarbeidarar (3 100), andre helseyrker (1 950) og legespesialistar (1 150) (tabell V2).

Innanfor denne næringa er det også den klart høgaste prosentdelen av verksemdar som oppgjev å ha hatt rekrutteringsproblem, med 40 prosent (figur 5). 36 prosent av verksemdene har hatt rekrutteringsproblem på grunn av for få kvalifiserte søkjarar (figur 6). Dette er noko lågare enn i fjorårets undersøking, då 44 prosent oppga at dei hadde hatt rekrutteringsproblem, og

**Figur 5. Verksemdar som har mislykkaast i å rekruttere arbeidskraft eller måtte tilsette nokon med annan formell kompetanse enn ein søkte etter, etter næring. Prosent.**




Kjelde: NAVs bedriftsundersøking 2024

40 prosent oppga rekrutteringsproblem på grunn av for få kvalifiserte søkjarar.

0,5 prosent frå 2022 til 2023, etter ein oppgang på 0,9 prosent året før.


Nettoandelen verksemdar som ventar vekst i sysselsettinga det kommande året er på 10 prosent (figur 7), likt som i fjor. Ifølge tal frå nasjonalrekneskapen auka sysselsettinga innan helse- og omsorgstenester med

**Figur 6.** Verksemdar med rekrutteringsproblem som skuldast for få/ingen kvalifiserte søkjarar eller om det er andre årsaker, etter næring. Prosent.



Kjelde: NAVs bedriftsundersøking 2024

**Figur 7. NAVs sysselsettingsbarometer. Nettodel verksemder som ventar auke i sysselsettinga, etter næring. Prosent.**



\* Offentleg administrasjon og forsvar, og trygdeordningar underlagt offentleg forvaltning

Kjelde: NAVs bedriftsundersøking 2023 og 2024

## Manglar 5 500 bygge- og anleggsarbeidarar

Mangelen på arbeidskraft innan bygge- og anleggsverksemd har gått ned frå 7 600 personar i 2023, til 5 500 personar i 2024 (tabell 5). Det manglar flest personar i bygge- og anleggsverksemd i Vestland (950). Av enkelttyrker manglar det flest elektrikarar (1 000), tømrarar og snekkarar (900) og sveisarar (850).

Verksemdene er meir pessimistiske, og sysselsettingsforventningane er lågare enn i 2023. I årets undersøking er nettodelen som ventar auka sysselsetting 10 prosent, medan den var 18 prosent i fjor (figur 5). Det er både ein høgare del som ventar redusert sysselsetting og lågare del som ventar auka sysselsetting samanlikna med 2023. Bustadinvesteringane har i følgje tal frå SSBs nasjonalrekneskap falt mykje det siste året, og talet på igongsette byggeprosjekt har i fleire kvartal det siste året vore lågare enn det lågaste nivået under finanskrisa i 2008-2009.

Prosentdelen verksemder som melder om rekrutteringsproblem var 18 prosent, ned frå 26 prosent i 2023. 14 prosent av verksemdene har hatt rekrutte-

ringsproblem som følgje av for få kvalifiserte søkjarar (figur 7), mot 21 prosent i fjorårets undersøking.


## Stor variasjon i industrien

Bruttoproduktet innan industrien auka med beskjedne 0,2 prosent i 2023, medan sysselsettinga auka med 0,8 prosent. Det er betydeleg variasjon mellom dei ulike delane av industrien. 2023 har vore eit godt år for mellom anna verftsindustrien og for produksjon av metallvarer, elektrisk utstyr og maskiner, medan det har vore eit dårlegare år i mellom anna trelast- og trevareindustrien og gummivare-, plast- og mineralproduktindustrien.

Det kommande året er nettoandelen industriverksemder som ventar auka sysselsetting på 17 prosent samla sett, ned frå 19 prosent i 2023 (figur 5). Samstundes er det store skilnadar mellom dei ulike industrinæringane. Mest optimisme er det innan produksjon av elektriske og optiske produkt, der halvparten av verksemdene ventar auka sysselsetting. Optimismen er minst innan treforedling og grafisk produksjon, der



**Figur 8. NAVs sysselsettingsbarometer. Nettodel verksemder som ventar auka sysselsetting, etter industrinæring.**



Kjelde: NAVs bedriftsundersøking 2023 og 2024

nettoandelen verksemder som ventar auka sysselsetting er på -2 prosent.

Den estimerte mangelen på arbeidskraft innan industrien er 3 000 personar samla sett (tabell 5). Dette er ein nedgang på 250 frå 2023. Det er rapportert om størst mangel innan produksjon av maskiner og utstyr (1 100), produksjon av metallvarer (750) og produksjon av nærings- og nytingsmiddel (600). Det er industribedrifter på vestlandet som i størst grad manglar folk. I Rogaland manglar samla 550 personar, 300 av desse innan produksjon av maskiner og utstyr (tabell 6). Vestland manglar til saman 400 personar, og halvparten av desse innan produksjon av maskiner og utstyr. For typiske industrier er det størst mangel på anleggsmaskin- og industrimekanikarar (950 personar).

Produksjon av maskiner og utstyr er den næringa med størst rekrutteringsproblem (figur 6). Innan denne næringa er det ein av fire verksemder som har alvorlege rekrutteringsproblem. 29 prosent meldar om problem med å rekruttere kvalifisert arbeidskraft og ein av fire verksemder som har alvorlege rekrutteringsproblem. Rekrutteringsproblema varierer samstundes

i stor grad mellom dei ulike industrinæringane. Innan treforedling og grafisk produksjon var det berre 6 prosent av verksemdene som mislukkast i å rekruttere arbeidskraft eller måtte tilsette nokon med lågare formell kompetanse enn det dei søkte etter.

### Størst optimisme innan informasjon og kommunikasjon

Informasjon og kommunikasjon er næringa med størst nettodel verksemder som ventar auka bemanning det kommande året, sjølv om verksemdene har blitt mindre positive sidan i fjor (26 mot 29 prosent) (figur 5). Prosentdelen verksemder som melder om rekrutteringsproblem er klart lågare i år (17 prosent) samanlikna med i 2023 (22 prosent) (figur 8). Prosentdelen som har hatt rekrutteringsproblem grunna for få kvalifiserte søkjarar har også gått ned frå i fjor, frå 16 prosent i fjor til 14 prosent i år (figur 7). Den estimerte mangelen på kvalifisert arbeidskraft i næringa har også gått ned, frå 1 200 i fjor, til 750 i år.

Tal frå nasjonalrekneskapa viser at sysselsettinga innan denne næringa har auka mykje dei siste åra,

med i underkant av 6 prosent i snitt dei tre siste åra. Bruttoproduktet innan næringa har også auka i same periode. Det er store skilnader mellom ulike deler av næringa, og den klart største delen av veksten er innan IT-tenester, medan utviklinga har vore relativt flat dei siste åra innan resten av næringa, som mellom anna inkluderer forlagsverksemd, telekommunikasjon og mediebransjen.

### **Større optimisme innan bergverksdrift og utvinning av råolje og naturgass**

Syssettinga innanfor denne næringa auka med 4 prosent i 2023, og nådde med det eit nesten like høgt nivå som rett før oljeprisfallet i 2014-2015. Samtidig auka bruttoproduktet med 0,3 prosent, viser tal frå nasjonalrekneskapan. Bruttoinvesteringane i utvinning og rørtransport auka med 10,5 prosent i 2023, og det er også venta ein betydeleg auke i 2024.

Årets undersøking syner auka optimisme i denne næringa, og nettodelen verksemdar som ventar auka syssetting har auka frå 19 prosent i 2023 til 23 prosent i 2024 (tabell 4).

Prosentdelen verksemdar som meldte om problem med å rekruttere kvalifisert arbeidskraft var 16 prosent, ned frå 22 prosent i 2023 (figur 8). 13 prosent av verksemdene hadde rekrutteringsproblem som skuldast for få kvalifiserte søkjarar, medan 3 prosent rapporterte at dei hadde rekrutteringsproblem av andre årsaker (figur 7). Mangelen på arbeidskraft gjekk ned til 450 personar, frå 750 personar i 2023 (tabell 5). Dei fleste av desse manglar i Rogaland (150) og Møre og Romsdal (100).

### **Manglar 1 900 personar i undervisning**

Mangelen på arbeidskraft innan undervisning er estimert til 1 900 personar. Det er ein nedgang frå 2 600 i

2023. Det er 28 prosent av verksemdene som har hatt rekrutteringsutfordringar, og 25 prosent har hatt rekrutteringsproblem på grunn av for få kvalifiserte søkjarar (figur 6 og 7). Mellom anna manglar det 850 lærarar i grunnskulen og 500 barnehage- og skulefritidsassistentar (tabell V2).

Undervisning er ein av to næringar med negativ nettoandel verksemdar som ventar auka syssetting, med -8 prosent. Det er med andre ord meir pessimisme i denne næringa no samanlikna med for eitt år sidan (figur 5). Samstundes viser tal frå nasjonalrekneskapan at syssettinga innan undervisningsnæringa har auka med mellom 1,4 og 1,9 prosent dei tre siste åra.

### **Rekrutteringsproblem i overnattings- og serveringsverksemd**

Aktiviteten i overnattings- og serveringsverksemd har variert mykje dei siste par åra, med betydeleg redusert aktivitet under pandemien, og rask omvelting til høg etterspurnad i tida etterpå. I 2023 var talet på syssette innan denne næringa 7 prosent høgare enn i 2019. I 2024 er dette næringa med den strammaste arbeidsmarknaden, med ein stramleiksindikator på 2,9 (tabell 5). Mangelen på arbeidskraft er estimert til 3 000 personar, ned 500 frå i fjor. Av enkeltyrker manglar det mellom anna 1 250 kokker, 800 gatekjøkken- og kafémedarbeidarar og 600 servitørar (tabell V2).

Næringa er også blant dei med størst rekrutteringsproblem, etter helse- og sosialtenester og produksjon av maskiner og utstyr (figur 8). I overnattings- og serveringsverksemd var det 28 prosent av verksemdene som hadde rekrutteringsproblem. 16 prosent fekk ikkje tilsett nokon, medan 13 prosent tilsette nokon med lågare eller annan kompetanse enn dei søkte etter. Nettoandelen verksemdar som ventar auka syssetting er 12 prosent, ned frå 18 prosent i 2023.

## 5. TABELLEDLEGG

Tabell V1. Estimert mangel på arbeidskraft, etter næring og fylke. 2024.

	Østfold	Akershus	Oslo	Innlandet	Buskerud	Vestfold	Telemark	Agder
Jordbruk, skogbruk og fiske	0	50	0	250	0	50	0	50
Bergverksdrift og utvinning	0	0	0	0	0	0	0	50
Industrien	150	100	50	150	50	100	100	100
Nærings- og nytelsemidler	50	50	50	50	0	50	0	0
Tekstil- og lærvarer	0	0	0	0	0	0	0	0
Trevarer	0	0	0	0	0	0	0	0
Treforedling og grafisk prod.	0	0	0	0	0	0	0	0
Petroleum og kjemiske prod.	0	0	0	0	0	0	0	0
Prod. av annen industri	0	0	0	0	0	0	0	0
Prod. av metallvarer	50	0	0	50	0	50	50	50
Prod. av maskiner og utstyr	50	50	0	50	50	0	50	50
Prod. av elektriske og optiske produkter	0	0	0	0	0	0	0	0
Elektrisitet, vann og renovasjon	0	0	0	0	0	0	0	0
Bygge- og anleggsvirksomhet	350	550	650	150	300	250	150	250
Varehandel, motorvognreparasjoner	300	500	1 250	250	300	250	150	300
Transport og lagring	50	150	50	50	50	50	50	150
Overnattings- og serveringsvirksomhet	100	250	600	100	200	100	100	50
Informasjon og kommunikasjon	0	50	350	0	0	50	0	50
Finansierings- og forsikringsvirksomhet	0	0	50	0	0	0	0	0
Eiendomsdrift, forretningsmessig og faglig tjenesteyting	100	350	850	150	100	150	150	100
Offentlig administrasjon og forsvar, og trygdeordninger underlagt offentlig forvaltning	50	50	150	100	50	0	50	50
Undervisning	50	200	100	150	50	50	50	150
Helse- og sosialtjeneste	350	800	650	1 550	300	350	500	700
Personlig tjenesteyting	50	100	250	50	50	50	50	50
I alt	1 700	3 250	5 050	3 100	1 500	1 550	1 450	2 150

Kjelde: NAVs bedriftsundersøking 2024

	Rogaland	Vestland	Møre og Romsdal	Trøndelag	Nordland	Troms	Finnmark
Jordbruk, skogbruk og fiske	50	50	50	100	50	0	0
Bergverksdrift og utvinning	150	100	100	0	0	0	0
Industrien	450	350	250	250	250	100	50
Nærings- og nytelsemidler	50	50	50	100	50	50	50
Tekstil- og lærvarer	0	0	0	0	0	0	0
Trevarer	0	0	0	0	0	0	0
Treforedling og grafisk prod.	0	0	0	0	0	0	0
Petroleum og kjemiske prod.	0	0	0	0	0	0	0
Prod. av annen industri	0	0	0	0	50	0	0
Prod. av metallvarer	150	100	50	100	50	0	0
Prod. av maskiner og utstyr	250	200	150	50	100	50	0
Prod. av elektriske og optiske produkter	0	0	0	0	0	0	0
Elektrisitet, vann og renovasjon	0	0	0	0	0	0	0
Bygge- og anleggsvirksomhet	300	950	600	300	250	250	100
Varehandel, motorvognreparasjoner	900	600	450	700	350	250	150
Transport og lagring	250	350	100	150	100	150	50
Overnattings- og serveringsvirksomhet	300	400	200	300	200	100	100
Informasjon og kommunikasjon	50	50	0	50	0	50	0
Finansierings- og forsikringsvirksomhet	0	0	0	0	0	0	0
Eiendomsdrift, forretningsmessig og faglig tjenesteyting	350	450	150	250	150	150	100
Offentlig administrasjon og forsvar, og trygdeordninger underlagt offentlig forvaltning	100	100	50	100	100	50	50
Undervisning	200	300	100	150	150	200	50
Helse- og sosialtjeneste	1 800	1 700	950	1 500	1 350	700	500
Personlig tjenesteyting	100	150	50	100	100	50	50
I alt	5 450	5 900	3 300	4 200	3 300	2 150	1 250

Kjilde: NAVs bedriftsundersøking 2024

**Tabell V2. Estimert mangel på arbeidskraft, etter yrke. Sortert etter talet på personer verksemdene manglar. 2024.**

	Mangel på arbeidskraft (personar)	95 % konfidensintervall (nedre grense)	95 % konfidensintervall (øvre grense)	NAV's stramleiksindikator
Sykepleiere	3 750	3 109	4 286	5,9
Helsefagarbeidere	3 100	2 505	3 758	3,1
Andre helseyrker	1 950	1 390	2 671	52,6
Butikkmedarbeidere	1 600	1 015	2 458	1,0
Kokker	1 250	902	1 621	5,4
Legespesialister	1 150	939	1 444	6,7
Elektrikere	1 000	592	1 339	3,1
Anleggsmaskin- og industrimekanikere	950	605	1 345	4,2
Tømrere og snekkere	900	494	1 261	2,0
Grunnskolelærere	850	651	1 041	1,0
Sveisere	850	560	1 224	14,1
Gatekjøkken- og kafémedarbeidere mv.	800	345	1 258	5,6
Andre salgsmedarbeidere	750	556	1 087	18,5
Bussjåførar og trikkeførere	750	401	1 236	4,4
Lastebil- og trailersjåførar	700	445	992	2,8
Servitører	600	391	813	2,6
Vernepleiere	550	440	731	2,7
Frisører	550	340	836	5,8
Dørselegere	550	37	1 537	63,4
Rørleggere og VVS-montører	550	310	876	2,9
Platearbeidere	550	285	933	12,6
Bilmekanikere	550	315	975	2,5
Spesialsykepleiere	500	386	644	1,7
Barnehage- og skolefritidsassistenter mv.	500	341	740	0,6
Betongarbeidere	450	64	1 073	4,8
Andre håndverkere	450	294	684	34,4
Psykologer	400	248	608	4,3
Kontormedarbeidere	400	234	602	0,7
Andre ingeniører	350	162	682	1,3
Bioingeniører	350	119	560	4,4
Andre bygningsarbeidere	350	50	706	8,6
Overflatebehandlere og lakkerere	350	108	591	11,8
Bil-, drosje- og varebilførere	350	152	551	2,4
Renholdere i bedrifter	350	212	522	0,6
Yrkesfaglærere	300	208	404	25,9
Førskolelærere	300	221	418	0,9
Andre personlige tenesteytere	300	133	523	40,4
Sivilingeniører (industri og produksjon)	250	126	424	18,8
Revisorer, regnskapsrådgivere	250	127	456	1,6
Programvareutviklere	250	140	376	3,0
Regnskapsmedarbeidere	250	141	386	1,5
Isolatører mv.	250	21	512	19,1
Anleggsmaskinførere	250	117	416	1,2

	Mangel på arbeidskraft (personar)	95 % konfidensintervall (nedre grense)	95 % konfidensintervall (øvre grense)	NAV's stramleiksindikator
Jurister og advokater	200	126	280	1,9
Bygningsingeniører	200	82	297	1,0
Elektronikkingeniører	200	119	377	1,5
Regnskapsførere	200	101	348	1,1
Bartendere	200	73	327	2,9
Andre pleiemedarbeidere	200	57	456	0,3
Plante- og husdyrprodusenter	200	53	336	4,1
Automatikere	200	83	296	3,0
Serviceelektronikere	200	110	311	10,7
Bakere, konditorer mv.	200	100	279	9,2
Operatører innen næringsmiddelproduksjon	200	102	304	0,8
Andre administrative ledere	150	93	213	0,6
Ledere av industriproduksjon mv.	150	79	175	1,1
Andre ledere av produksjon og tjenesteyting	150	92	233	2,6
Sivilingeniører (bygg og anlegg)	150	69	251	0,6
Universitets og høyskolelektorer/-lærere	150	93	293	0,5
Lektorer mv. (videregående skole)	150	85	202	0,5
Andre lærere	150	92	259	5,6
Finans- og investeringsrådgivere	150	70	225	1,4
Nettverks- og systemteknikere, IKT	150	81	256	17,1
Butikkavdelingsjefer	150	38	285	2,7
Telefon- og nettselgere	150	7	379	3,3
Melke og husdyrprodusenter	150	45	228	4,0
Energimontører	150	59	285	3,6
Andre stasjonære maskinoperatører	150	82	289	100,0
Montører av mekaniske produkter	150	48	238	6,3
Montører av elektriske og elektroniske produkter	150	57	249	3,5
Andre hjelpearbeidere i industri	150	53	259	1,8
Ledere av bygge- og	100	38	242	0,8
Ledere av utdanning og undervisning	100	37	172	0,8
Sivilingeniører (geofag, petro- leumsteknologi, metallurgi mv.)	100	46	247	0,8
Sivilingeniører (elkraftteknikk)	100	48	187	2,6
Sivilingeniører (elektronikk)	100	37	219	2,1
Allmennpraktiserende leger	100	67	177	1,4
Spesialister i pedagogikk	100	29	198	3,5
Spesiallærere / spesialpedagoger	100	56	229	4,1
Høyere saksbehandlere i offentlig og privat virksomhet	100	58	203	0,1
Systemanalytikere/-arkitekter	100	67	182	0,4
Andre programvare- og applikasjonsutviklere	100	59	181	0,5
Rådgivere innen sosiale fagfelt	100	41	202	0,6
Elkraftingeniører	100	31	153	1,5
Maskiningeniører	100	50	195	1,2
Arbeidsleder, bygg og anlegg	100	17	298	1,0
Helsesekretærer	100	32	190	1,1

	Mangel på arbeidskraft (personar)	95 % konfidensintervall (nedre grense)	95 % konfidensintervall (øvre grense)	NAV's stramleiksindikator
Innkjøpere	100	20	159	1,3
Miljøarbeidere innen sosiale fagfelt	100	31	183	0,6
Driftsteknikere, IKT	100	23	143	0,5
Lønningsmedarbeidere	100	30	158	4,0
Kosmetologer mv.	100	8	206	3,3
Servicemedarbeidere (bensinstasjon)	100	4	188	9,7
Brannkonstabler	100	21	143	2,0
Fengselsbetjenter	100	15	212	2,6
Vektene	100	38	191	1,1
Gartnere	100	30	143	1,5
Glassarbeidere	100	18	217	7,1
Slaktere, fiskehandlere mv.	100	24	145	3,8
Møbelsnekkere	100	51	171	5,4
Operatører innen metallflatebehandling	100	67	195	100,0
Andre montører	100	33	152	53,0
Kjøkkenassistenter	100	48	178	0,5
Strategi- og planleggingssjefer	50	11	58	0,7
Ledere av logistikk og transport mv.	50	14	111	0,6
Ledere av IKT-enheter	50	3	49	0,4
Ledere av omsorgstjenester for barn	50	6	134	1,1
Ledere av helsetjenester	50	31	125	0,7
Ledere av eldreomsorg	50	4	96	1,4
Varehandelssjefer	50	3	59	0,1
Andre daglige ledere i tjenesteytende virksomheter	50	12	74	3,6
Geologer og geofysikere	50	8	64	1,2
Matematikere, statistikere mv.	50	11	75	2,2
Sivilingeniører (miljøteknikk)	50	5	55	6,6
Sivilingeniører (maskin- og marin- teknikk)	50	22	103	1,2
Jordmødre	50	26	93	2,2
Tannleger	50	10	47	0,8
Farmasøyter	50	24	89	2,7
Audiografer og logopedar	50	21	89	7,0
Andre språklærere	50	24	111	25,7
Organisasjonsrådgivere mv.	50	3	67	0,2
Informasjonsrådgivere	50	4	87	0,8
Salgskonsulenter innen tekniske og medisinske produkter	50	6	141	1,8
Salgskonsulenter innen IKT-produkter	50	3	63	4,0
Applikasjonsprogrammerere	50	16	88	14,5
Databasedesignere og -administratorer	50	16	88	8,9
Systemadministratorer	50	14	81	2,9
Sikkerhetsanalytikere mv.	50	17	84	2,1
Andre juridiske yrker	50	5	58	2,3
Ingeniører innen petroleum, bergverk og metallurgi	50	9	124	0,4
Tekniske tegnere	50	6	84	1,6
Kontrolloperatører innen kjemisk prosessindustri	50	6	98	10,0

	Mangel på arbeidskraft (personar)	95 % konfidensintervall (nedre grense)	95 % konfidensintervall (øvre grense)	NAV's stramleiks-indikator
Tannpleiere	50	10	71	3,2
Kundebehandlere lån og kreditt	50	4	81	0,2
Selgere (engros)	50	3	85	0,1
Eiendomsmeglere og -forvaltere	50	5	150	0,7
Andre yrker innen forretningstjenester	50	19	161	51,8
Politibetjenter mv.	50	6	114	0,5
Andre yrker innen offentlig forvaltning	50	11	67	0,5
Kundebehandlere, bank og postkontor	50	20	118	8,4
Hotellresepsjonister	50	20	105	0,7
Forsikrings- og finansmedarbeidere	50	11	67	8,4
Lagermedarbeidere og materialforvaltere	50	11	68	0,1
Logistikkmedarbeidere	50	6	149	0,6
Innehavere av kiosk/liten butikk	50	2	141	20,2
Skoleassistenter	50	22	128	0,5
Andre sikkerhetsarbeidere	50	5	87	1,1
Korn- og grønnsaksprodusenter	50	10	75	21,6
Andre dyreoppdrettere og røktere	50	14	105	100,0
Havbruksarbeidere	50	4	65	0,5
Murere	50	15	121	1,4
Steinhoggere mv.	50	3	99	5,3
Taktekkere	50	3	119	2,3
Kuldemontører mv.	50	3	65	2,4
Malere og byggtapetserere	50	17	136	0,9
Feiere, fasaderenholdere mv.	50	3	97	4,1
Kopper- og blikkenslagere	50	15	147	1,4
Verktøymaker, låsesmeder mv.	50	3	57	1,1
Metalldreiere mv.	50	14	83	1,8
Tele- og IKT-installatører	50	3	57	0,7
Yrkesdykkere	50	5	71	7,3
Prosessoperatører (oppredning)	50	13	85	16,6
Operatører innen metallurgiske prosessfag	50	30	109	0,8
Operatører innen kjemisk industri	50	15	95	0,5
Operatører innen plastprodukter	50	23	70	1,8
Jordbruks- og skogbruksmaskin- førere	50	26	122	8,3
Kran- og heisførere mv.	50	7	158	3,6
Truckførere	50	13	175	8,9
Dekks- og maskinmannskap (skip)	50	3	69	0,5
Renholdere i private hjem	50	4	102	11,1
Andre rengjørere	50	3	69	75,0
Hjelpere i anlegg	50	3	76	0,2
Laste- og lossearbeidere	50	3	66	0,6
Altmuligmann	50	4	118	1,1

Kjelde: NAVs bedriftsundersøking 2024



## 6. METODISK VEDLEGG

### Utvalg

I bedriftsundersøkinga vert det trekt eit utval av verksemdar frå Bedrifts- og føretaksregisteret (Einingsregisteret). Utvalet vert trekt tilfeldig, men alle verksemdar med meir enn 400 tilsette er med i utvalet. I tillegg er alle verksemdar med meir enn 100 tilsette i næringane offentleg forvaltning, undervisning, helse- og sosialtenester og personleg tenesteyting med i utvalet. Dei er med fordi dette ofte er verksemdar som skil seg frå andre, som til dømes sjukehus, når det gjeld kva yrker dei etterspør. Størrelsen på utvalet er bestemt slik at det skal sikrast representativitet på alle næringar (2-sifret NACE).

### Innsamling av data


Alle verksemdene får i år minst seks spørsmål i undersøkinga, sjå spørjeskjema i slutten av vedlegget. I tillegg til dei seks nasjonale spørsmåla har enkelte fylker tilleggsspørsmål. Dei utvalde verksemdene vert bedne om å svare på internett. Fylkeskontora i NAV ansvaret for datainnsamlinga.

### Analyse

I dei tilfella der resultatata på landsbasis skal presenterast i form av prosentdelar, og ikkje absoluttverdiar, vektast resultatata. Eit døme på dette er kartlegging av prosentdel verksemdar som ventar sysselsettingsvekst i det kommande året. Ettersom næringane varierer i størrelse, er det naudsynt å tildele dei store næringane meir vekt enn dei små. Vektene vert konstruert ut frå forholdet mellom tal på verksemdar i næringa og tal på verksemdar totalt. Ettersom utvalet har ein overrepresentasjon av store verksemdar, må resultatata innanfor kvar næring også vektast i forhold til prosentdelen små og store verksemdar i populasjonen.

Mangel på arbeidskraft estimerast ved hjelp av ein modell som tek omsyn til verksemdenes geografiske kjenneteikn, næringsvise kjenneteikn, tal på tilsette og observert mangel. Resultatet vert brukt til å estimere mangelen på arbeidskraft i dei verksemdene som ikkje er med i utvalet

**Figur V1.** Estimert mangel på arbeidskraft med konfidensintervall, etter fylke.




Kilde: NAVs bedriftsundersøking 2024

## Usikkerheit

Det vil knytte seg usikkerheit til estimata på mangel, og usikkerheita er større for meir detaljerte tal enn for dei meir aggregerte tala. Til dømes er det større usikkerheit knytt til estimata for yrke enn det vil være for estimata for næringer. Dette fordi det er færre verksemder som har oppgitt mangel på eit yrke enn innan ei næring, og estimatet vert dermed meir følsamt dersom ei verksemd oppgjev svært høg mangel samanlikna med andre.

NAV har rekna ut konfidensintervall for estimert mangel på arbeidskraft. Den faktiske mangelen vil med 95 prosent sannsyn ligge innanfor dei respektive konfidensintervalla som er presentert i figurane. Nedste moglege grense for eit konfidensintervall kan ikkje være lågare enn observert mangel i utvalet. Ta kontakt med Arbeids- og velferdsdirektoratet for meir utdjupe informasjon om estimering av mangel på arbeidskraft og utrekning av konfidensintervall.

Figur V2. Estimert mangel på arbeidskraft med konfidensintervaller, etter næring.



Kilde: NAVs bedriftsundersøking 2024

## Spørreskjema

### 1. Hvor mange ansatte er det i bedriften i dag?

Ta med disse gruppene: Fast ansatte, midlertidig ansatte, lærlinger, permitterte, personer på arbeidsmarkedstiltak som dere har lønnsutgifter for og personer som er utleid til andre virksomheter, men som er ansatt hos dere.

Følgende tas ikke med: Innleid arbeidskraft.

Antall ansatte i dag:

### 2. Hvor mange ansatte venter dere å ha om ett år?

Ta med de samme gruppene som i spørsmål 1. Gi en vurdering ut fra bedriftens forventninger i dag.

Sett kun ett kryss.

- Flere enn i dag
- Like mange som i dag
- Færre enn i dag

### 3. Har bedriften de siste tre månedene forsøkt å rekruttere inn personer uten å få tak i rett/ønsket kompetanse?

Vi ønsker svar selv om dere ikke venter en økning i antall ansatte det kommende året. Med forsøkt å rekruttere menes her at bedriften aktivt har forsøkt å rekruttere ny(e) medarbeider(e) ved å lyse ut stilling, headhunte eller lignende, uten å lykkes.

- Ja, vi fikk ikke ansatt noen *Gå til spørsmål 4.*
- Vi fikk ikke ansatt noen med de kvalifikasjonene vi søkte etter, men har ansatt noen med lavere eller annen formell kompetanse *Gå til spørsmål 4.*
- Nei *Avslutt spørreundersøkelsen.*

### 4. Hva skyldes dette:

- Ingen/for få kvalifiserte søkere *Gå til spørsmål 5.*
- Annet *Avslutt spørreundersøkelsen.*

**5. Innen hvilke yrker har dere forsøkt å rekruttere inn personer uten å få tak i rett/ønsket kompetanse, og hvor mange stillinger dreier det seg om?**

*Spesifiser hvilke yrker det gjelder. Ta både med stillinger hvor dere ikke har fått ansatt noen og stillinger hvor dere har måttet ansette personer med lavere eller andre kvalifikasjoner enn dere søkte etter. Hvis dere for eksempel har søkt etter en førskolelærer, men i stedet har måttet ansette en assistent, skal dere føre opp én førskolelærer. Korttidsengasjement på under 4 uker skal ikke tas med.*

Yrke	Antall stillinger
.....	<input type="text"/>
.....	<input type="text"/>
.....	<input type="text"/>
.....	<input type="text"/>
.....	<input type="text"/>
.....	<input type="text"/>
.....	<input type="text"/>
.....	<input type="text"/>
.....	<input type="text"/>
.....	<input type="text"/>
.....	<input type="text"/>



---

UTGIVER  
Arbeids- og velferdsdirektoratet  
Postboks 354  
8601 Mo i Rana

OMBREKKING: Aksell AS  
ISBN: 978-82-551-2541-9  
ISSN: 1891-005x

